



Bygg & Eiendom Vest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2639 - 19/18559

Saksbehandlar:

Silje Haukedal

silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:

20.12.2019

Ferdigattest - gbnr 45/231

Delegasjonssak nr.: 338/2019

Administrativt vedtak. Saknr: 338/2019

Tiltakshavar: Entreprenør Rune Ulvatn AS

Ansvarleg søkjar: Bygg & Eiendom Vest AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.02.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.12.2019.

Skildring

Adresse:	Toskavegen 212
Bygningstiltak:	Kontorbygg
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	138 kvm. BRA bygg.
Avlaup:	Privat
Vatn:	Offentlig

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for kontorbygg på gbnr 45/231//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2639

Med helsing
Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bygg & Eiendom Vest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER